



## Innbyding til Fjord O 2018

### Velkomen til ein aktiv O-ferie i Skudeneshavn/Seljestad 4-8.juli 2018!

Haugesund IL Orientering og Odda Orienteringslag ynskjer velkommen til Fjord-O vest 2018, tidlegare kjent som Nordvestgaloppen. Løpa går i spektakulære orienteringsterreng i Vest-Noreg, under slagordet: «Frå hav til fjell». Fjord-O vest er ein fire dagers konkurranse over fem dagar, med samanlagtpremierung. To av løpa er mellomdistanse og to løp som langdistanse.

### Løp 1 og 2, onsdag 4. juli & torsdag 5. juli – Skudeneshavn, Karmøy kommune

#### Samlingsplass:

Idrettsanlegget, Skudeneshavn. [Kart](#)

Parkering 100-500 meter frå samlingsplass.

**Start onsdag:** Kl. 17.00 – ca 15 min. å gå frå samlingsplass  
N og C løyper - ca 15. min å gå frå samlingsplass.  
N, C- og AK klassar har fri starttid. N-Open har start nær samlingsplass og fri start frå kl 16.00

**Start torsdag:** Kl. 11.00 – ca 25 min. å gå frå samlingsplass  
N og C løyper har start nær samlingsplass.  
N, C- og AK klassar har fri starttid. N-Open har fri start frå kl 10.00

#### Terrenskildring:

Dag 1: Mellomdistanse. Stiriakt turområde. Småkupert med myrer og planta skog med innslag av kystlynghei. Varierende løpbarhet.

Dag 2: Langdistanse. Detaljrik og småkupert og delvis åpen kystlynghei. Innslag av planta skog. Varierende løpbarhet.

#### Kart dag 1 og 2:

«Skudenes», 2013, 1:10 000, 5 m ekvidistanse. Korrigert for seinare endringer i løpstraser våren 2018. Lasertrykk fra Konkylie Data. Trykket på vannfast papir.

## Løp 3 og 4, laurdag 7. juli & søndag 8. juli – Seljestad, Odda kommune

### Samlingsplass:

Korlevoll skistadion. [Kart](#)

Parkering 100 meter frå samlingsplass.

**Start lørdag:** kl 16.00 – ca 30 minutter å gå frå samlingsplass  
N- og C-løyper 300 meter frå samlingsplass.  
N, C- og AK klassar har fri starttid. N-Open har fri start frå kl. 15.00.

**Start søndag:** kl 11.00 – ca 20 minutter å gå frå samlingsplass  
N- og C-løyper 400 meter frå samlingsplass.  
N, C- og AK klassar har fri starttid. N-Open har fri start frå kl 10.00

### Terrengskildring:

Dag 3: Langdistanse. Vekslande mellom skråli, småkupert og større kupering. Opne lettløpte myrar, bjørkeskog og noko barskog nær samlingsplass.

Dag 4: Mellomdistanse. Småkupert og detaljrikt, noko skråli, bjørkeskog og enkelte furuer, opne myrar og småberg.

### Kart dag 3 og 4:

Korlevoll, 1:10.000/1:7.500, 5 m ekvidistanse, utgitt 2006, korrigert for seinare endringar.

Laserutskrift frå eigen godkjent skrivar.

### Klasseindeling og løypelengder:

Løype	Herrar	Damer	Løp 1 Mellom	løp 2 Lang	løp 3 Lang	løp 4 Mellom	Målestokk
1	H21		4,4 km	8,0 km	10 km	5,0 km	1:10 000
2	H19-20, H35, H40	D21	3,6 km	6,4 km	7,5 km	4,3 km	1:10 000
3	H45, H17-18	D35, D19-20	3,4 km	5,2 km	6,5 km	4,1 km	1:10 000
4	H50, H15-16, H17AK	D17-18	3,2 km	4,8 km	5,7 km	3,9 km	1:10 000
5	H55	D40, D15-16	3,0 km	4,4 km	5,5 km	3,6 km	1:10 000
6	H45AK, H60	D45	2,6 km	4,1 km	4,8 km	3,2 km	1:7 500
7	H65	D50, D55, D17AK	2,4 km	3,4 km	4,3 km	2,8 km	1:7 500
8	H70, H75	D60, D65, D45AK	2,2 km	2,8 km	3,3 km	2,6 km	1:7 500
9	H80, H85	D70, D75, D80, D85	1,8 km	2,5 km	2,9 km	2,3 km	1:7 500
10	H13-14, H15-16B, H17-20B	D13-14, D15-16B, D17-20B	1,8 km	3,0 km	3,7 km	2,3 km	1:7 500
11	H17C	D17C	1,9 km	2,4 km	3,5 km	2,2 km	1:7 500
12	H-10, H11-12, H13-16C	D-10, D11-12, D13-16C	1,6 km	2,2 km	2,5 km	1,9 km	1:7 500
13	H13-16N, H17N	D13-16N, D17N	1,6 km	2,2 km	2,9 km	2,3 km	1:7 500
14	H11-12N, N-Open	D11-12N, N-Open	1,4 km	1,7 km	2,2 km	1,6 km	1:7 500

Løypelengdene kan bli justerte. Klassar merka med blått er N-løyper, grønt er C-løyper, gult er B-løype og raudt er A-løyper.

## Direkteklasser

Open i Eventor til 1. juli kl 23:59. Direktepåmelding deretter mogleg på arena ved kvart løp. Spar tid under løpa og meld deg på internett.

Løype nr	Løypenavn	Løp 1 Mellom	løp 2 Lang	løp 3 Lang	løp 4 Mellom	Målestokk
5	Direkte A	3,0 km	4,4 km	5,5 km	3,6 km	1:10 000
10	Direkte B	1,8 km	3,0 km	3,7 km	2,3 km	1:7 500
11	Direkte C	1,9 km	2,4 km	3,5 km	2,2 km	1:7 500
13	Direkte N	1,6 km	2,2 km	2,9 km	2,3 km	1:7 500
14	N-Open	1,4 km	1,7 km	2,2 km	1,6 km	1:7 500

## EMIT Kontrollsystem

Emit kontrollsystem vert brukt i alle klassar unnateke Småttroll. Brikke kan leigast for kr. 50 per dag.

## Premiering

Klasser	Kvart løp	Samanlagt
12 år og yngre	Alle	Ingen
13-16 år	3 beste per klasse	1/3-del
17 år og eldre	Klassevinnar	1/8-del
A, B, C og N Direkte	Ingen premiering	Ingen

I konkurranseklassane tel 3 av 4 løp i samanlagresultatet.

## Påmelding

Nettbasert påmelding ved påmeldingssystemet EVENTOR opnar 8.januar 2017:

<http://eventor.orientering.no/Events/Show/8873>

- Ordinær påmeldingsfrist: 5. juni kl. 23:59.
- Etterpåmeldingsfrist: 25. juni kl. 23:59.

Etter 25. juni og fram til løpsdagen er påmelding i direkteklasser med påmelding i Eventor innan 1. juli og på arena løpsdagen einaste alternativ. Alle påmeldingsavgifter i tabellen under er per løp.

Alder	Før 5. juni	Før 25. juni	Før 1. juli (og på arena)
T.o.m. 12 år	NOK 100	NOK 100	
13 – 16 år	NOK 100	NOK 150	
F.o.m. 17 år	NOK 200	NOK 300	
A, B, C og N – direkte			NOK 150

## Faktura og betaling

Norske klubbar blir fakturert etter kvar påmeldingsfrist. Utanlandske klubbar betaler startkontingenten ved påmelding til:

Mottakar: Haugesund IL Orientering, Postboks 555, 5501 Haugesund  
Konto: 3240.07.37885

Merk: Merk innbetaling med Etternavn  
IBAN: NO42 3240 0737 885  
SWIFT/BIC: DNBANOKKXXX

Bankadresse: Haugesund Sparebank, Postboks 203, 5501, Haugesund

Alle bankgebyr må betalast av avsender.

Gebyr NOK 50 per endring av klasse, brikkenummer, starttid, m.m. etter 5. juni. Leigebrikke, NOK 50 per dag, blir rekna som bestilt av alle som ikkje legg inn brikkenummer i Eventor ved påmelding. Tapt leigebrikke blir fakturert med NOK 600.

## **Småttroll & barneparkering**

Det blir Småttrollarrangementet og barneparkering på kvar arena.

## **Servering på arenaer**

Sal av varmmrettar, kaker, vaflar og anna lett mat på samlingsplass alle dagar.

## **Overnatting/o-camp**

Informasjon om overnatting vil bli lagt ut på Facebook "Fjord-O 2018" og heimeside [fjord-o.no/2018](http://fjord-o.no/2018) etter kvart som det blir tilgjengeleg.

## **Fredag 6. juli – fridag med mange spennande aktivitetar for heile familien**

Karmøy og Odda har mange flotte attraksjonar for ein kvar smak. Vi kan freiste med eit bad i Nordsjøen frå nokre av dei vakre og kvite sandstrendene på vestsida av Karmøy og vandring i dei trange smaua i seilskutebyen Skudeneshavn. Torsdag 5. juli opnar Skudedefestivalen, med konsertar og anna på programmet: <http://skudedefestivalen.no>

I Odda kan ein ta turen til den kjende Trolltunga (8 timer t/r), brevandring på Buarbreen, ei brearm frå Folgefonna, og beundre dei mange fossane i Oddadalen. Det anbefalast også å vitje stavkyrkja i Røldal frå 1200-talet. Frå Korlevoll til Røldal kan ein ta gamlevegen over Seljestadjuvet. Denne vegen vart bygd i åra 1859-65.

Dette er bare nokre av attraksjonane områda kan by på. Sjekk desse linkane for meir informasjon:

[Skudeneshavn/Karmøy](#)

[Odda](#)



Sandvesanden, Karmøy



Utsikt til Folgefonna frå Seljestad